

MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

Prestmarka barnehage

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3862 - 15/35447

Saksbehandlar:

Grethe Elin Mjelde

grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:

24.11.2015

PRESTMARKA BARNEHAGE - TILSYNSRAPPORT OG VURDERING AV AVD. SOLSTRÅLEN - 2015

Den 12.10.15 vart det utført tilsyn etter *"Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v."* ved Prestmarka barnehage – alle avdelingar.

Prestmarka barnehage vart godkjent etter etter *"Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v."* 12.02.14 (etter utviding med avd. Solhall).

Prestmarka barnehage består av 8 avdelingar, fordelt på 3 ulike bygg. Prestmarka barnehage - hovudbygning består av 5 avdelingar, ei småbarnsavdeling på Dale (Lunde), Solhall – ei avdeling i den gamle sjukeheimen, og i august 2015 vart det oppretta ei ny avdeling (Solstrålen) i den gamle sjukeheimen.

Avdeling Solstrålen er det ikkje søkt godkjenning for etter forskrifta.

➤ **Tilsyn**

Miljøretta helsevern ved teknisk-hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde utførte eit tilsyn etter *"Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v."* i Prestmarka barnehage (alle avdelingar) den 12.10.15. Det skulle vurdeast om avd.Solstrålen som vart oppretta i august 2015, kunne godkjennast etter forskrifta. Internkontroll, inneareal og uteareal vart inspisert. Styrar Rita Amundsen og styrarassistent Kristin Smith møtte for verksemda.

Det er totalt 112 barn i Prestmarka barnehage.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 57 70
Telefaks +47 56 37 50 01

- **Avvik som vart påpeikt ved tilsynet**

§ 4; Internkontroll

1. Det manglar rutine for å formidle informasjon i IK til avdelingar utanom hovudbygg. Rutinar for formidling til alle avdelingar må på plass.

§§ 6,7 og 13; Krav om godkjenning, Generelle krav og Reingjering og vedlikehald

2. Barnehagen manglar vedlikehaldsplan. Barnehagen skal ha rutinar for forvaltning, drift og vedlikehald.

- **Observasjon**

§ 9; Utforming og innreiing

Lause leidningar må festas, slik at dei ikkje utgjør ei fare.

§ 11; Måltid

Barnehagen må oppretthalde rutinar for kontroll av temperatur på kjøll (-1 – 4 °C) og frys (-18°C eller lågare). Det må først avvik når temperatur på kjøll/frys avviker frå krava.

➤ **Vurdering av Prestmarka barnehage avd. Solstrålen**

I august 2015 oppretta Prestmarka barnehagen ei ny avd. (Solstrålen) i den gamle sjukeheim. Barnehagelokalet består av einskilde rom og korridor. Det er lite dagslys i korridor, som nyttast som opphaldsrom. Det er lagt til rette for garderobe, og vegg er fjerna for å få meir dagslys inn i gang/korridor.

Det er ikkje søkt om godkjenning etter forskrifta.

Søknad om godkjenning skulle vore sendt før oppstart. Syner til § 6 i forskrifta:

Søknad skal fremlegges for godkjenningmyndigheten når det foreligger plan for etablering, utvidelse eller endring av virksomheten.

Barnehageeigar skal søkje om samtykke til planar for ny verksamd eller større endringar/utvidingar/rehabilitering/tilbygg mv. Dette skal skje samstundes med at plan- og bygningsmyndigheta behandlar rammesøknaden for tiltaket.

Ut frå opplysningar frå Radøy kommune, har byggesak fått førespurnad om bruksendring, men denne er ikkje ferdighandsama.

Forskrifta seier vidare:

Når en ny avdeling opprettes, skal barnehagen godkjennes på nytt etter forskriften (Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.).

Godkjenning etter forskrifta forutsett at ALLE avdelingar tilfredstillar krava til godkjenning, dersom ikkje vil godkjenninga falle bort.

➤ **Vedtak**

- Avvik nr. 1 og 2 må rettast innan 01.01.16.
- Ang. avd. Solstrålen:
Radøy kommune må sende inn opplysningar til miljøretta helsevern, som bekrefter at plan- og bygningsmyndigheita har godkjent bruksendring (til barnehage) av lokalet i den gamle sjukeheimen.

**For at Prestmarka barnehage skal oppretthalde godkjenninga etter Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v. må barnehagen melde tilbake til Miljøretta helsevern opplysningar som viser at barnehagen (avd. Solstrålen) tilfredsstillar forskriftas krav til godkjenning.
Melding må sendast innan 1.1.16**

Vedtaket er heimla i Folkehelseloven, kap. 3 og i samsvar med Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v. § 6.

Med helsing

Grethe Fosse
kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde
teknisk-hygienisk ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Link til forskrift og veiledning:

<http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928>

<https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/veileder-til-forskrift-om-miljoettet-helsevern-i-barnehager-og-skoler>

Om klage over vedtak:

Etter forskrifta § 27 er det høve til å klage på vedtaket for dei partar som har rettsleg interesse i saka. Klaga må setjast fram innan 3 veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Radøy kommune, og må sendast via Miljøretta helsevern (Lindås kommune).

Kopi til:

Jarle Landås
Helge Vallestad
Einar Færø
Rita Amundsen